INFORMASJON TIL JEGEREN 2026

Jakttid:
1.oktober til og med 23. desember. Dette gjeld alt småvilt med jakttidsramme, begrensa til jakt i utmark tilhøyrande utmarkslaga sine medlemmer (vist i vedlagde kart). **Jakt med rifle er ikkje tillatt**.

NB! Utmarkslaga, i samråd med Ulstein og Hareid jeger og fisk, har gjort slikt vedtak:
Rype: **1 rype per dag, totalt 3 per sesong.**
Orrfugl: **Det vert oppmoda om å spare orrhøns, ingen begrensning på orrhane.**

Hund:

Hund brukt under jakt skal ha godkjent «sauesertifikat» (må medbringast).
Den som jaktar med hund som blir brukt i jaktøyemed, må løyse "jaktkort for hund".
Slikt jaktkort treng alle som jaktar nær og har nytte av slik hund, ikkje berre hundeførar.
Utanbygds jegerar får ikkje bruke hund.

Jaktkort:

Sesongkort med hund	kr. 1000,-	Kun for innanbygds buande.
Sesongkort utan hund	kr. 500,-	
Døgnkort med hund	kr. 300,-	Kun for innanbygds buande.
Døgnkort utan hund	kr. 150,-	

Grunneigar: Kort kan kjøpast hos Dag Snipsøyr i Hareid, og hos Erling Ove Flø i Ulstein med 50% rabatt. Jaktkort må bringast med og visast fram ved kontroll. Under opplæringsjakt skal det løysast 1 stk. jaktkort per våpen.

Jaktrapport:
Rapportering har vore for dårleg, vi må presisere at alle som løyser jaktkort har plikt til å sende inn rapport om fellingsresultatet. Rapporten kan sendast laga, leverast kortseljar, eller meldast pr. epost innan 31.01.2027.
Den som ikkje leverer jaktrapport, kan bli nekta kortkjøp til neste år.

Jaktkort på internett:
Utmarkslaga har, i samarbeid med UHJFF, opna for sal av jaktkort og rapportering av jaktresultat på internett. Adressa er: www.uhjff.no
Betaling for jaktkort skjer med Vipps til Vippsnr. 711297 – Hareid Utmarkslag SA.

Jaktforbod:
Etter kunngjering i presse og ved andre avtalar er det i nokre områder forbod mot småviltjakt. Desse områda er, så langt ein kjenner til dei, avmerka, (skraverte) på kartet**. I tillegg er det ikkje lovleg å jakte i nærleiken av hyttene som ligg innanfor jaktområdet.**
Vi gjer merksam på at Brandalsfjella er unnateke frå jaktområdet.
Myraskogen er freda under hjortejakta.

Sau i fjellet:
Vi oppmodar jegerane om å melde frå om sau som går att i fjellet. Dersom det vert funne kadaver av sau så ta vare på eventuelle merke. Meld frå til Gunmar Grimstad, tlf. 95787862.

God jakt!

Ulstein Utmarkslag **Hareid Utmarkslag**